



Sebastian Tufta Kirknes

5450 Sunde I Sunnhordland


Saksbehandlar	Saksnummer	Dykkar ref.	Dato
Anne Rita Eriksen	2026/5298		02.07.2026

Vedkjem førespurnad – 153/427

Visar til førespurnad motteke 26.06.2026.

Arealføremålet på del av eigedom 153/1 som ynskjer å arealoverføre til 153/427 er LNFS område. I tillegg viser flyfoto at det er dyrka mark.

Utsnitt frå kommuneplan:



Frådeling frå LNF område til bustad krev dispensasjon frå føremålet. Slik det er skissert i dykkar førespurnad vil frådeling måtte ta av dyrka mark, frådeling må behandlast både etter Plan- og bygningslova (PBL) og etter Jordlova. Utfallet av ein slik dispensasjon vil ikkje vere gitt.

Av flyfoto kan det sjå ut som det er ein trekant mellom veiene der det ikkje er dyrka. Byggesak vil etter PBL lettare kunne vere positiv til ei mindre justering av grensene der dyrka mark ikkje vert teken, men det vil uansett i tillegg krevje ei jordlovsbehandling.

Nemner at det pågår arbeid med områdeplan for Sunde tettstad, og at kommunen i samband med søknad også må gjere ei vurdering av framtidig arealbruk.

Mur slik du beskriv er søknadspliktig etter PBL § 20-3 med ansvarleg føretak. Desse søker kommunen om tiltaket med nødvendig dokumentasjon.

Du kan lese meir om garasjar som er unnateke søknadsplikt (storleik, høgde og avstand til nabogrense) på dibk.no i lenkja; <https://www.dibk.no/regelverk/sak/2/4/4-1>

Har du spørsmål?

Du finn meir informasjon på heimesida vår <https://www.kvinnherad.kommune.no/>

Du kan òg ta kontakt med oss på e-post: post@kvinnherad.kommune.no. Husk å merke e-posten med saksnummer 2026/5298. Vi har telefonvakt tirsdag – torsdag frå 09:00 – 15:00 på telefon 94 78 93 09.

Med helsing

Anne Rita Eriksen
Fagkoordinator byggesak

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.